

## **MUSEETS ARBEID MED BLACK LIVES MATTER-RØRSLA**

I styremøtet 11. desember 2020 ønska styret ein presentasjon av museets arbeid rundt Black Lives Matter-rørsla. Denne rørsla er i utgangspunktet ei protestrørsla mot politivald mot svarte menneske i USA. I vidare forstand – ei slik forståing er lagt til grunn i denne presentasjonen –, står rørsla for ei bevisstgjerung om nåtidige verknader av tidlege tidars rasisme, og for ei oppmoding til kamp mot rasisme og diskriminering av minoritetar i dag. For museet er dette sentrale og viktige problematikkar. Denne presentasjonen blir lagt fram for styret til orientering, og for eventuelle innspel til vidare arbeid.

### **Forsking**

Fleire forskarar ved museet arbeider med problemstillingar knytt til rasisme og diskriminering, i fortid og nåtid.

Vitskapshistorikar Jon Kyllingstad forskar på idear om rase, etnisitet og nasjon innanfor fag som fysisk antropologi, genetikk, arkeologi, historie og andre humanistiske fag. Han har skrivne artiklar og bøker innanfor dette temaområdet. Han var prosjektleiar for NFR-prosjektet «From racial typology to DNA sequencing. 'Race' and 'ethnicity' and the science of human genetic variation 1945-2012». Prosjektet blei mellom anna formidla gjennom museumsutstillinga «Folk», som blei vist på Teknisk museum i perioden 2018–19. Utstillinga sette tidlegare tidars raseforskning i samanheng med moderne genforskning på menneskeleg biologisk variasjon. Også det nye, store forskingsprosjektet Kyllingstad leiar, «Historicizing Intelligence –Tests, metrics and the shaping of contemporary society», som har fått NFR-støtte nå, og som vil vere i gang i perioden 2021–2024, er relevant i samanheng med tema reist av Black Life Matters-rørsla.

Antropolog Gro Birgit Ween forskar innanfor temaområda urfolkspolitikk og dekolonialisering, med eit fokus på kunnskap, forståing, identitetsbygging og sosial mobilisering. Ween har gjort feltarbeid ulike stader i Norge, i Alaska og Arktis elles og i Australia. Ween har skrivne ei rad artiklar og bøker innanfor desse temaa. Ho har utforma vandreutstillinga «Ny-Arktis», som er vist ved museet og ei rad andre stader, og som tematiserer korleis Arktis har blitt sett utanfrå og «kolonisert» gjennom forståingar som ikkje har anerkjent dei (ur)folka som faktisk bur der.

Ween og Kyllingstad er tydeleg stemmer i media og i debattar om rase, rasisme, diskriminering og dekolonialisering.

Andre forskarar ved museet arbeider på liknande vis med tema og problemstillingar knytt til etnisitet, migrasjon, mangfald, konflikt, samfunnsendring, arv og forståing av kulturminne.

Hausten 2020 blei antologien *Negotiating Memory from the Romans to the Twenty-First Century - Damnatio Memoriae* utgitt (Routledge 2020). Boka er redigert av tre av museets forskarar, professor Øivind Fuglerud, professor Kjersti Larsen og førsteamanuensis Marina Prusac-Lindhagen. Boka undersøker manipulering av fortida og øydelegging av historie og minne. Opp gjennom historia har skading eller utvisking av kulturminne og historie funne stad over heile verda, gjennom fjerning av statuar og monument, riving eller endring av bygningar, manipulasjon av bilete og nettstader, forbod mot kulturelle eller religiøse praksisar eller pålegg om nye. Boka gir bakgrunn for å forstå t.d. nåtidige debattar om fjerning av statuar. Boka blei lansert på eit seminar 8. desember 2020 i tilknytning til Oslo Peace Days, som blei arrangert i samarbeid mellom Universitetet i Oslo, Nobelinstituttet, Fredssenteret og Institutt for fredsforskning.

Tidlegare i 2020 kom *En trængslernes historie – en antologi om museumsmannen og historikeren Yngvar Nielsen* ut. Boka er redigert av kulturhistorikaren Camilla Ruud og Gro Birgit Ween. Nielsen var historikar og professor i geografi og etnografi. Han var bestyrer for Etnografisk museum i perioden 1877–1916. Boka bidrar slik sett til museets institusjonelle sjølvforståing og -refleksjon. Den tar også opp viktige politiske spørsmål. Nielsen var mellom anna sentral i etableringa av den såkalla «fremrykkingshypotesen», om at samane i Midt-Norge relativt nyleg hadde innvandra til området frå nord. Denne oppfatninga, som seinare er ugjendriveleg tilbakevist, blei lagt til grunn av Lappekommisjonen i 1892, som la fram at reindriftssamane ikkje hadde ein historisk rett til å la reinen beite i fjellområda dei nytta. Dette innebar favorisering av fastbuande jordbrukarar, og var, og har vore, til stor skade for reindriftssamane i området. Nielsen var samstundes også ein sentral innsamlar av samisk kulturarv. Mykje av materialet som har blitt fordelt i samband med Bååstede-avtala, jf. nedanfor, blei samla inn medan Nielsen var styrar for museet. Boka om Nielsen syner korleis politikk (og museumsverksemd) fundert på rasistisk vitskapleg kunnskap har hatt, og har, konsekvensar for folk i Norge i dag.

## Utstilling og formidling

Ei kritisk tilnærming til dei evolusjonistiske og rasistiske forståingane av menneske og kulturar som var dominerande på 1800-talet og første del av 1900-talet har lege til grunn for aktiviteten ved Kulturhistorisk museum (og Etnografisk museum) i den siste generasjonane. Utstillingane har i denne perioden framstilt folk og samfunn i andre delar av verda på måtar som er alternative til, og tar tydeleg avstand frå, tidlegare tiders syn på nokre menneske og kulturar som mindreverdige eller tilbakeståande.

Det gjeld naturleg også utstillingane «Folk i Arktis og Sub-Arktis» og «Amerika – samtid, fortid og identitet» som står i museet i dag. «Folk i Arktis og Sub-Arktis» opna i 1993 og gir eit bilete av kultur og levesett hos utvalde urfolk i Arktis og Sub-Arktis. I 2015 blei utstillinga fornya med «Ti samiske tidsbilder», som gir eit breitt perspektiv på samisk samtid og mangfald. «Amerika – samtid, fortid, identitet» opna i 2008. Utstillinga tematiserer, gjennom gjenstandar frå museets samling, om urfolks og minoritetars kamp for rettar og ressursar, og for å leve og vidareføre kultur og språk.

Utstillinga «Kongoblikk – Blikk på Kongo» (2016–17) blei utvikla i eit møte mellom museets store, historiske samling frå det som i dag er Den demokratiske republikken Kongo – mange av gjenstandane blei innsamla av nordmenn i kong Leopolds teneste i Belgisk Kongo –, og menneske i Norge i dag med bakgrunn der i frå. Utstillinga bidrog mellom anna til å setje fokus på forståingar og bruk av museets samling og på museets rolle og posisjon i høve til ulike folk i Norge i dag.

Utstillinga «Ja, vi elsker frihet», som blei vist i perioden 2014–2015, og som var museets og Universitetets hovudmarkering av Grunnlovsjubileet 1814–2014 løfta mellom anna fram minoritetar i Norge. Ein del av utstillinga synte fram homofiles historie i Norge. Utstillinga fekk mykje offentleg merksemd, ikkje minst for delen, Helvetes engler, som var om Hells Angels i Norge. Utstillinga diskuterte også problematiske sider ved politisk og ideologisk bruk av historisk arv.

Delar av det temaområdet som «Ja, vi elsker frihet» tok opp, har blitt følgt opp gjennom årlege Pride-markeringar ved museet. Pride-utstillinga i 2020, «De Te Fabula Narratur – Det er deg historien handler om», som skulle opna i juni, blei utsett til 2021, samstundes som smakebitar blei vist som ei digital utstilling.

## Samling

Det er kanskje særleg relevant å peike på museets etnografiske samling i denne samanhengen. Den etnografiske samlinga består av om lag 50 000 gjenstandar frå alle delar av verda. Ein stor del av desse blei samla inn i 100-årsperioden frå midten av 1800-talet til midten av 1900-talet, og frå område og folk som då var kolonisert. Ulike problemstillingar knytt til dekolonialisering og repatriering, som har stått så sentralt innanfor internasjonal museumspolitik i den seinare tida, er relevante i høve til desse delane av samlinga. Norge var i denne perioden ikkje ei kolonimakt, men var del av eit økonomisk system og ein kulturell og politisk struktur som legitimerte vestleg makt og hegemoni.

Ideologien og røyndomsfortsåingane bak kolonialismen, låg også til grunn for handsaminga av samar i Norge. Som ein del av «oppgjeret» med dette, blei det i 2019 inngått ei endeleg avtale om overføring av i alt 1653 samiske gjenstandar frå Norsk Folkemuseum og Kulturhistorisk museum til samiske museum i Norge. Avtala er i tråd med Norges forpliktingar overfor samane som urfolk, og inneber at det samiske folk, gjennom Sametinget og dei seks musea som ligg under Sametinget, får råderett over denne delen av samisk kulturarv.

Museets etnografiske samling står i ei særstilling i Norge. Gjennom den har museet moglegheiter, som ingen andre museum i Norge har, til å syne fram verdas mangfald i kultur og levesett.

I styresak 8/20, om satsingsområdet «Globalt samlingsansvar», som blei initiert i 2016–17, er det gjort nærare greie for bakgrunnen for dette satsingsområdet. Styrenotatet gjer også greie for museets arbeid i høve til spørsmålet om eigarskap og eventuell overføring av gjenstandar og samlingar til urfolk og opphavssamfunn. Det fortel også om arbeidet med deling og digital tilgjengeleggjing av samlingar, og om dialog og samarbeid med representantar for opphavssamfunn, jf. nettportalane for samlinga frå Netsilik-folket (Roald Amundsen-samlinga) og samlinga frå Santal i India. Nedanfor er nemnd nokre årsplantiltak for 2021 innanfor dette satsingsområdet.

## Strategi og årsplanstiltak

Problemstillingar reist i samband med Black Lives Matter-rørsla blei er ikkje eksplisitt tatt opp i museets strategi 2030. Strategien er samstundes utforma med tanke på at ein skal kunne ta opp og arbeide med aktuelle politiske straumdrag innanfor relevante temaområde. I tråd med føringane i ICOMs etiske retningsliner (mellom anna om handsaming av museumssamlingar frå land og område som har tapt vesentlege delar av kulturarven, eller som er skaffa til vegar eller overført på uetisk eller illegitimt vis) er det i strategien understreka at museet skal vere ein ansvarsfull forvaltar av kulturarv frå heile verda, og at forvaltninga skal vere kritisk og medveten om dei intellektuelle og politiske rammene for arbeidet.

Som nemnd vil museet i 2021 utarbeide ein ny samlingspolitikk (som skal avløyse gjeldande politikk frå 2006). I tilknytning til ny samlingspolitikk vil det også bli laga ei nærare framstilling av dei ulike delsamlingane. Framstillinga vil bli formidla på nettsidene med mål om å skape synleggjering, større merksemd og meir bruk av museets samling. For delsamlingar frå tidlegare koloniar, og når det gjeld materiale frå urfolk og minoritetar, vil ei slik tilgjengeleggjering kunne leggje grunnlag for dialog og for bruk av dette materialet i samanhengar som kan bidra til å bøyte på eller motverke verknader av tidlegare tiders rasistisme eller anna urettvise. Arbeid kan også skape eit nytt grunnlag for forståing og for ny kunnskap.

Vidare arbeider museet (innanfor satsingsområdet Globalt samlingsansvar, jf. ovanfor) med digital tilgjengeleggjering av delsamlingar av særleg interesse for opphavssamfunn og/eller grupper i Norge. I 2021 og 2022 vil ei samling frå Rapa Nui (Påskeøya), ei samling frå Assam i India og eit utval gjenstandar frå museets Kongo-samling bli tilgjengeleggjort på denne måten. Vidare vil det bli utarbeida ein overordna politikk for museet, og også nærare retningsliner, for bruk, tilgang og eigarskap til gjenstandar og delsamlingar innanfor heile breidda av museets samling og fagområde. Det vil også bli arbeidd for at museet skal ta ei tydelegare rolle innanfor den offentlege samtala om problemstillingar knytt til dekolonialisering, vidt forstått.

Vidare vil museet arbeide med å tydeleggjere sin posisjon innanfor mangfaldsområdet gjennom å revidere museets Plan for mangfald.

Black Lives Matter-rørsla har bidratt til å setje søkelyset på forskjellsbehandling av folk, diskriminering av minoritetar og på vedvarande følgjer av tidlegare tiders rasisme og urettferd. For museet, som for styresmaktene og andre institusjonar, gir rørsla grunnlag for eit skjerpa blikk på eiga verksemd og korleis det museet gjer, og ikkje gjer, ser ut og verkar for andre. Rørsla gir også grunnlag for ei nøyare gjennomtenking av museets rolle og posisjon i det norske samfunnet, og av kven museet er, kven «vi» er, og er for, i utstillingsproduksjon og formidling, i møte med publikum og offentlegheita elles. Undersøkingar innanfor kultursektoren har mellom anna synt at samstundes som mangfaldsperspektiv kan seiast å bli ivaretatt t.d. i programmering og utstillingsproduksjon, har institusjonane mindre breidd og mangfald når det kjem til kven som arbeider der og til representasjon i leiing og styrande organ.

Ein kan seie at Kulturhistorisk museum, gjennom si historie, innhaldet i samlinga og gjennom dei temaområda som museet arbeider med, står i ein sentral og særleg viktig posisjon når det gjeld dei problemstillingane og temaområda som Black Lives Matter-rørsla har sett fokus på. På Universitetet i Oslo, og innanfor det norske museumslandskapet, har museet særlege moglegheiter, og dermed også eit særleg ansvar, når det gjeld å syne mangfald i tanke, kultur og levesett. Museet arbeider med tema innanfor eit langt historisk forløp, og med folk og levemåtar i heile verda. Museets store samling mogleggjer og støtter opp under dette. Museet har eit tydeleg formidlingsoppdrag. Problemstillinga er ikkje minst relevant for utstillingsproduksjonen ved museet, både på Historisk museum og det nye Vikingtidsmuseet.

Det er svært interessant, og viktig, å få styrets kommentarar og synspunkt på museets arbeid på desse områda og med desse problemstillingane. Dersom styret ønskjer det, vil saka kunne bli lagt fram igjen, på eit seinare tidspunkt, til dømes i samanheng med revidert «Plan for mangfald».